

VEDLEGG



**DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Statsråden

Næringskomiteen
Stortinget
0026 OSLO

Dykker ref

Vår ref

Dato

23/1930-

12. oktober 2023

Representantforslag nr. 8:270 S (2022-2023) - om obligatorisk ID-merking av kattar frå representantane Ingvild Wetrhus Thorsvik, Alfred Jens Bjørlo, Grunde Almeland og André N. Skjelstad

Eg syner til brev av 5. oktober 2023 frå Stortingets næringskomité, der ein ber om ei vurdering frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) av representantforslag om obligatorisk ID-merking av kattar, fremma i dokument 8:270 S (2022-2023).

Det er fremma to forslag:

1. Stortinget ber regjeringen legge frem forslag om å innføre obligatorisk ID-merking av katter.
2. Stortinget ber regjeringen sikre at innføring av obligatorisk ID-merking av hund trer i kraft så fort som mulig.

Representantane Thorsvik, Bjørlo, Almeland og Skjelstad syner til at det i dag finst om lag 800 000 kattar i Noreg, og at om lag 50 000 av kattane er forvilla eller heimlause. Kvart år ser ein eksempel på at kattar blir «dumpa» av eller kjem bort frå eigarane sine, blir utsette for vald eller blir forlatne i hjelpelaus tilstand. Representantane syner òg til at ID-merking av kattar er ein naturleg del av eit ansvarleg dyrehald, og kan ansvarleggjere og bevisstgjere dyreeigarar, auke terskelen for impulskjøp av dyr, førebyggje dumping av dyr, gjere det mogeleg å finne att eigarane til skadde, bortkomne eller daude dyr og førebyggje smittsame sjukdommar.

Mi vurdering:

Eg er samd i at ID-merking av familiedyr støttar opp om fleire viktige omsyn og er ein naturleg del av eit ansvarleg dyrehald. Etter det harmoniserte EU-regelverket er det krav om ID-merking av kattar som blir flytta over landegrenser. Det gjeld òg for norske kattar.

Spørsmål om ID-merking av familiedyr og kattar har vore oppe fleire gonger dei seinare åra. Sjølv om det i dag ikkje er eit generelt krav om å merke kattar og andre familiedyr, oppfordrar både departementet og Mattilsynet til slik merking og eg støttar det. Eit eventuelt offentleg påbod om ID-merking kan derimot òg føre med seg somme utfordringar, mellom anna vilje til å etterleve eit slikt krav. Det er sannsynleg at dyreeigarar som dumpar kattane sine uansett ikkje vil ha merka dei. Eit anna spørsmål er om det vil vere mogeleg å handheve eit obligatorisk påbod om ID-merking av katt, ut frå omsynet til ressursbruk og nytte.

På oppdrag frå departementet har Mattilsynet laga eit forslag til føresegn om identifikasjonsmerking og registrering av alle hundar i Noreg. Forslaget til føresegn vil bli sendt på offentleg høyring så snart utkastet til føresegn er klarert. Departementet er òg i gang med å lage ei ny stortingsmelding om dyrevelferd. Regjeringa tek sikte på å legge fram meldinga for Stortinget i 2024. Med ei ny stortingsmelding løftar ein problemstillingar knytte til dyrevelferd både fagleg og politisk, og det er naturleg at dyrevelferd for kattar òg blir vurdert i samband med meldinga.

Eg vil ut frå det som går fram ovanfor tilrå at Stortinget ikkje støttar forslaga om å be regjeringa fremme forslag om å innføre obligatorisk ID-merking av kattar, og å be regjeringa sikre at obligatorisk ID-merking av hund trer i kraft så fort som mogeleg. Mi anbefaling er å vente på at stortingsmeldinga om dyrevelferd skal bli fremma for Stortinget, og den vidare prosessen med høyring av føresegn om ID-merking av hundar.

Med helsing



Geir Pollestad